

Liberalisme og verdien av autonomi

Kommentar til Lars Svendsen, *Frihetens Filosofi*

Steinar Bøyum

Seminar, Bergen, 30.5.2013

Introduksjon

La meg opne med å seie at eg er stort sett sympatisk innstilt til dei politiske og filosofiske oppfatningane i denne boka, om enn eg nok identifiserer meg meir med det liberale tvisynet til Venstre enn med det noko meir sjølvsikre Civita. Men det ligg liksom i korta for eit seminar som dette at ein skal finne noko å kritisere, så det er det eg har gjort.

I mitt innlegg skal eg peike på det som for meg er ei svakheit i boka, om enn eg er usikker på om den svakheita skal kallast ei uklarheit, ein inkonsistens eller ein mangel. Problemet dreier seg om den rolla som omgrepet *autonomi* har i Svendsen sin politiske teori. Ein kan også seie at problemet har å gjere med *samanheng* mellom dei tre hovuddelene i boka: Frihetens ontologi, frihetens politikk og frihetens etikk, sidan autonomikapitlet, sjølv om det er plassert i boka sin første del, på mange måtar er linken mellom desse tre delene.

Grunnlag

Liberalismens grunntanke, seier Svendsen, er «at individer og grupper i hovedsak må få leve livene sine i samsvar med de oppfatningene de har om hva som gir livet verdi og mening» (115). Dei liberale rettane skal «sikre individer et rom til å leve livet sitt slik de selv finner det tjenlig» (115).

Men her kan me spørje: *Kvifor* skal folk ha eit slikt rom til å styre livet sitt sjølv? Folk flest, og det inkluderer filosofar, gjer tross alt ufatteleg mange dumme ting. Me veit slett

ikkje alltid vårt eige beste, me har mange gale oppfatningar om verden og, som Tversky og Kahnemann har vist, me baserer oss ofte på dei merkelegaste ting når me tar avgjerder. På bakgrunn av dette er det paternalisme snarare enn sjølvstyre som verkar som den naturlege løysinga. Så korleis skal me *grunngi* dei liberale rettane?

På dette spørsmålet kan me tenke oss fleire svar. Ein type respons er å appellere til *naturlege* rettar: Menneske berre *har* desse rettane, dei er metafysisk gitte, som objektive fakta. Ein annan type grunngiving er konsekvensialistisk: I det lange løp er det best for folks lykke eller velferd at samfunn opererer med liberale rettar. Kva er så Svendsen sitt svar? Det er ikkje heilt klart, men som oftast verkar det som han går inn for ein tredje type grunngiving, nemleg verdien eller eigenverdien av *autonomi*.

Han skriv for eksempel at liberale rettar «har til hensikt å fremme autonomi» (205) og at «... liberale rettigheter skal garantere visse mulighetsbetingelser for menneskelig autonomi». Han avviser eksplisitt ei konsekvensialistisk grunngiving av liberale rettar, og seier at det er betre «å hevde at vesener med en evne til autonomi også må ha anledning til å opp- og utøve denne autonomien, og det er mulig bare såfremt slike rettigheter er garantert» (203).¹

Det ser derfor ut til at Svendsen grunngir liberale rettar og prinsipp ut frå autonomi. For at det skal vere mulig, kan ikkje autonomi, eller utøvinga av autonomi, vere moralsk nøytralt, men må ha ein eller annan *verdi*.² Men då oppstår det nokre problem, som det ikkje er klart korleis Svendsen vil løyse.

Autonomi

Men først må me sjå litt nærmare på omgrepet *autonomi*. I kapittel 4 skil Svendsen mellom autonomi som status og autonomi som evne.

¹ «For å leve som autonom, kreves det at en vesentlig mengde handlingsalternativer og levevis står åpne for borgerne» og det liberale demokratiet er den samfunnsformen som best sørger for dette (107).

² Me kan ikkje seie at me skal ha politisk rett til å bestemme sjølv fordi me *kan* bestemme sjølv. For å fungere som normativ grunngiving må autonomi ha verdi.

Å ha *status* som autonom er, for å seie det enkelt, å ha dei vanlege liberale rettane.³ Det er å bli tilkjent autoritet over eins eige liv, noko som gir oss eit rom for sjølvstyring som det ikkje er legitimt for andre å gripe inn i utan vårt samtykke.

Det er ganske opplagt at det ikkje er *denne* tydinga av autonomi som skal kunne grunngi dei liberale rettane, sidan autonomi som status er meir eller mindre identisk med å *ha* slike rettar, og det jo er nettopp dette me søker etter grunnlaget for. Ergo er det i autonomi som *evne* at me må søke etter grunngivinga. Og ganske riktig, Svendsen skriv at autonomi som status «tilkjennes på grunn av» (91) autonomi som evne, og at liberale rettar «følger av» evna til autonomi (92).

Kva ligg så i autonomi som evne? Me får aldri nokon klar definisjon i boka, men Svendsen peiker på nokre trekk som ofte blir forbunde med autonomi og som eg trur han sjølv også står inne for.

Autonomi betyr, som kjent, å vere sjølvstyrt. Det blir ofte assosiert med individualitet, sjølvstende og autentisitet. Den autonome lar ikkje berre omstende og omgivnader bestemme kva han gjer og kvar han hamnar, men definerer seg sjølv og sitt eige liv. Autonomi blir også ofte knytt til rasjonalitet. Ein følgjer ikkje blindt kvart innfall, men handlar ut frå *grunnar*, og ein overtar heller ikkje berre andre sine grunnar, men ein har sine *eigne*.⁴

³ Meir presist, det er ein status som gir oss desse rettane, men Svendsen seier aldri noko om kva «status» tyder her.

⁴ Skiljet mellom moralsk og personleg autonomi på s. 92 er ikkje så relevant her, og vil berre komplisere terminologisk.

Svendsen diskuterer også ulike *teoriar* om autonomi.⁵ Han har kritiske merknader til både såkalla hierarkiske teoriar og autentisitetsteoriar, men han ender såvidt eg kan sjå opp med eit omgrep om autonomi som skal kombinere dei mest plausible elementa av begge teoriane. Kjernen i dette omgrepet synest å vere evna til kritisk refleksjon over eins grunnar, oppfatningar, verdiar, preferansar osv., inkludert over emosjonar.⁶

Dilemma

Nokon klar og presis konsepsjon av autonomi får me likevel ikkje, kanskje fordi Svendsen sjølv anar at det ligg eit problem og lurar her. Dette problemet skal eg no formulere som eit dilemma.

Svendsen skil mellom grader av autonomi [jf. handout/figur neste side]. På den eine polen finn me *minimal autonomi*, og på den andre polen det han kallar *ideal autonomi*. Minimal autonomi inneber ikkje stort meir enn ei viss evne til å tenke rasjonelt, og er noko alle normale eller friske vaksne personar har. Under grensa for minimal autonomi er det berre små barn og folk med alvorlege sjukdommar som hamnar. Ideal autonomi er på si side å vere fullstendig autentisk og uavhengig av ytre påverknad, og det er tvilsamt om nokon oppfyller dette idealet.

Det fins altså grader av autonomi, alt etter kva ein krev av evne til kritisk refleksjon, kor uavhengig ein er av sosiale konvensjonar osv. La oss likevel, for å gjere det enkelt, nøye oss med å skilje mellom ein svak og ein sterk konsepsjon av autonomi.

⁵ 1) Hierarkiske teoriar ser det som kjernen i autonomi at ein har ein høgareordens positiv identifikasjon med lågareordens preferansar. Grovt sagt: At ein verkeleg vil det ein vil, ein teori som særleg blir assosiert med Harry Frankfurt. 2) Ein annan type teori kallar han autentisitetsteoriar. I slike teoriar er det vesentlege ved autonomi at eins preferansar er blitt til på ein bestemt måte, nemleg gjennom refleksjon over eins egne grunnar, og ikkje gjennom til dømes tvang eller manipulasjon. 3) Den siste typen teori er kantianske teoriar, som berre ser handlingar som er motivert av morallova som autonome. Slike teoriar er ikkje så relevante her, og Svendsen ser difor vekk frå dei.


⁶ Gjennom å leggje vekt på at dette også inkluderer å arbeide med eins egne emosjonar og å ikkje ta desse for gitt, synest det også for Svendsen å vere ein tett relasjon mellom autonomi og rasjonalitet, i alle fall så lenge ein hugsar at ein også kan velje, som resultat av kritisk refleksjon, å la seg styre av kjensler, begjær eller, for den saks skuld, tilfeldigheter. Eg kan også leggje til at Svendsen er særleg opptatt av evna til å reflektere over og forandre oss sjølv gjennom eit langvarig arbeid med ein sjølv, dvs. å forandre førsteordens preferansar og emosjonar gjennom andreordens preferansar og emosjonar, noko som tidlegare gjerne vart kalla moralsk danning eller «the education of the sentiments».

Me kan då formulere dilemmaet som følgjer: Med ein sterk konsepsjon av autonomi, grunngir ein liberalismen i ein spesifikk konsepsjon av det gode, noko som bryt med eit liberalt legitimitetsprinsipp. Med ein svak konsepsjon av autonomi, mister omgrepet autonomi si normative kraft, og kan ikkje fungere som grunngeving lenger. Med andre ord: det ser ut som me må velje mellom illiberalitet og grunngeving.

Eg skal no gå nærmare inn på dei to horna i dette dilemmaet.

Liberalisme og verdien av autonomi

Steinar Bøyum 30.5.2013



Ein svak konsepsjon av autonomi

Svendsen er klar over eitt problem med ein sterk konsepsjon av autonomi: Dersom me stiller for høge krav til *evna* til autonomi, opnar me for å underkjenne mange menneske sin *status* som autonome (hugs påstanden om at me tilkjenner autonomi som status på

basis av autonomi som evne). Då er det ikkje berre barn og alvorleg sjuke som vil miste liberale rettar, men også ganske normale vaksne. I det minste kan det legges vegen open for utstrakt paternalisme.

På bakgrunn av denne bekymringa verkar det som oftast (men ikkje alltid⁷) som om Svendsen går inn for ein svak eller minimal konsepsjon av autonomi. Så lenge ein har *visse* evner til å tenke rasjonelt og ikkje lir under bisarre vrangforestillingar, så gjeld ein som autonom (103).

Men då spør det om ikkje autonomi mister si normative kraft til å kunne *grunngi* liberale rettar og prinsipp. For dersom dette er alt som ligg i autonomi, kva er då verdien av det? Kva er det som er så bra med minimal eller svak autonomi at det skal kunne grunngi sentrale politiske prinsipp? Kva er det som er så gjevt med at ein såvidt tilrekneleg person, med alskens feilaktige oppfatningar om verden, gjer dumme ting som ikkje ein gong er til hans eige beste?

For å sitere John Christmann, ein av dei som har skreve mest om autonomi: «... if by «autonomy» we mean the ability to govern oneself no matter how depraved or morally value-less are the options being exercised, it is unclear that the bar to paternalism retains its normative force» (Stanford Encyclopedia).^{8,9}

⁷ Han kallar tross alt motpolen til den minimale autonomien for «ideal», og han synest å meine at det er betre jo nærare me kjem dette idealet. På s. 207 synes han å gå inn for sterk autonomi: «Å foreta egne valg ... er en forutsetning for utvikling av ens individualitet».

⁸ Når ein opererer med eit minimalt autonomiomgrep, er risikoen også stor for å argumentere i sirkel. Og ganske riktig, ein slik sirkelargumentasjon finn me eksempel på i boka sitt autonomikapittel. Som me såg over argumenterte Svendsen der frå autonomi som evne til autonomi som status: Det er fordi me har evne til autonomi (og at utøving av denne evna er av verdi) at me skal ha autonomi som status, altså visse rettar. Men som me også har sett argumenterer Svendsen også den andre vegen, frå status til evne: Fordi alle, eller i alle fall dei fleste, skal ha autonomi som status, dvs. visse rettar, må me operere med ei vid forståing av autonomi som evne. Her lar han altså moralsk-politiske tankar om tydinga av autonomi som status bestemme kva innhald som skal leggjast i autonomi som evne. Slik verkar diskusjonen å gå i sirkel: Me skal tilkjennast liberale rettar fordi me har evna til autonomi, men me skal tilkjennast evne til autonomi fordi me skal ha liberale rettar. Resultatet er at det er høgst uklart kva som kviler på kva i denne teorien.

⁹ Eit anna spørsmål: Dersom autonomi kjem i grader og liberale prinsipp og rettar kviler på autonomi, skulle ikkje då dei liberale prinsippa og rettane gjelde i ulik grad for oss avhengig av kor autonome me er? Altså at dei som kjem nærare ideal autonomi skulle ha meir rett til sjølvbestemming enn dei som berre har minimal autonomi?

Ein sterk konsepsjon av autonomi

På bakgrunn av dette kunne det vore freistande å bygge inn fleire ting i autonomiomgrepet, slik at det i større grad framstår som med nok moralsk kraft til å kunne grunngi liberale rettar. Her kunne ein til dømes vektlegge verdien av grundig kritisk refleksjon over både eins eigne preferansar, sosiale konvensjonar og tradisjonelle verdiar, slik at dei vala ein gjer verkeleg blir eins eigne, og ikkje noko som er påført ein utanfrå.

Då vil det, for meg, bli lettare å sjå autonomi som verdifullt. Men problemet er at mange ikkje vil vere einige i dette. Jo sterkare omgrep om autonomi ein opererer med, jo tydelegare blir det at det dreier seg om ein spesifikk konsepsjon om kva som er godt og verdifullt i livet, og for mange liberale er det illegitimt å leggje ein slik konsepsjon av det gode til grunn for det liberale demokratiet.

Svendsen er sjølv klar på at liberalismen ikkje kan føresetje ei bestemt oppfatning av det gode: «Det mest attraktive ved liberalismen er nettopp at den makter å opprettholde et skille mellom det gode og det rette» (198). Følgjeleg hevdar han i begynnelsen av bokas siste del, om frihetens etikk, at den politiske delen av boka «gir ingen forskrifter for et godt liv utover å forsøke å skissere noen rammer» (273).¹⁰

Men samtidig prøver Svendsen altså å grunnleggje liberalismen i autonomi. Motsetninga blir tydeleg på s. 115, der han først seier at fridom er eit gode, et «gode av en høyere orden enn de fleste andre goder», og så rett etterpå seier, «Liberalismen er ikke en teori om det gode, men om det rette».

¹⁰ «Majoritetsviljen er ... bare én konsepsjon av det gode, og siden det gode i henhold til liberalismen er sekundært i forhold til det rette, følger det at majoritetsviljen ikke legitimt kan sette seg over individuelle rettigheter» (112). Men kva om majoriteten har ein konsepsjon av det gode basert på autonomi?

Politisk liberalisme

Dette uavklarte forholdet mellom det rette og det gode, mellom liberalisme og autonomi, viser til ein tematikk som eg synest manglar i boka.

Når Svendsen ein sjeldan gong bruker uttrykket «politisk liberalisme», står dette som ei avgrensing mot *økonomisk* liberalisme (sjølv om han også meiner at desse heng nært saman). Men dette er ei annan tyding enn det «politisk liberalisme» stort sett har hatt i politisk filosofi dei siste 20-30 år, dvs. etter publikasjonen av Rawls sin «Political Liberalism» i 1993, eller eigentleg heilt sidan artikkelen «Justice as Fairness: Political not Metaphysical» frå 1985. I denne tradisjonen står «politisk liberalisme» i motsetning til *omfattande* liberalisme, eit skilje som i følgje Rawls er «clear and fundamental».

Den *politiske* liberalismen er mellom anna kjenneteikna av at han ikkje vil ta stilling til sanninga av dei religiøse og filosofiske livssynene som fins i eit pluralistisk samfunn. Mens slike såkalla «omfattande doktrinar» inneheld syn på kva som er godt og verdifullt i livet generelt, ofte grunna i metafysiske eller religiøse tankar, så er målet for ein politisk liberalisme at den skal kunne presenterast uavhengig av slike doktrinar, sjølv om håpet er at desse livssyna kvar for seg, på sin måte, kan støtte og grunngi liberale prinsipp.

Poenget her er at ein av desse omfattande doktrinane som politisk liberalisme ikkje tek stilling til, er det Rawls kallar omfattande liberalisme. Og kanskje den viktigaste skiljelinja mellom politisk og omfattande liberalisme vedkjem nettopp autonomi. I følgje Rawls er omfattande liberalisme basert på autonomi som eit moralsk ideal, og sidan dette berre er ein av fleire konsepsjonar av det gode, kan det ikkje fungere som basis for eit pluralistisk liberalt demokrati (s. 99). Særleg konservative religiøse grupper vil ta avstand frå den omfattande liberalismen sin vekt på verdien av individuell, kritisk refleksjon, utan at det treng å bety at dei tek avstand frå politisk liberale prinsipp om tanke- og ytringsfridom.

Rawls gir eit konkret eksempel på kva implikasjonar dette skiljet kan ha (199-200). Han seier at ein omfattande liberalisme, til dømes som hjå Kant og Mill, vil prøve å fremje verdiar om autonomi og individualitet i barn si utdanning. Ein politisk liberalisme, derimot, vil krevje langt mindre: Han vil krevje at barn blir kjent med sine konstitusjonelle rettar, til dømes om tanke- og ytringsfridom, men ikkje at barn blir lært opp til kritisk refleksjon i alle områder av livet. Verdien av autonomi er ein av fleire konsepsjonar av det gode, og kan derfor ikkje leggjast til grunn for statleg og/eller obligatorisk utdanning.¹¹

Two conceptions

Rawls hevder også at skiljet mellom politisk og omfattande liberalisme svarar til to ulike tradisjonar i politisk tenking. Dette er blitt utarbeida meir detaljert av William Galston i artikkelen «Two Conceptions of Liberalism».

Den første konsepsjonen har autonomi som nøkkelomgrep. Her står verdien av valfridom og kritisk refleksjon i sentrum, ofte med eit sekulært, individualistisk og rasjonalistisk preg. Denne tradisjonen har sitt opphav i opplysningsprosjektet. Målet er frigjering av den individuelle fornufta frå ytre autoritetar, enten det er guds ord, sosiale konvensjonar eller religiøse tradisjonar.¹²

Den andre konsepsjonen har pluralisme eller diversitet som nøkkelomgrep.

Utgangspunktet for denne konsepsjonen er den djupe usemja mellom individ og

¹¹ Med andre ord: Statleg utdanning kan informere om politisk autonomi, men ikkje kultivere moralsk autonomi. Men eg vil unngå å gjere ting for terminologisk komplisert her. «For an example of the difference between the moral values of a comprehensive doctrine and the (moral) political values of a political conception, consider the value of autonomy. This value may take at least two forms. One is political autonomy, the legal independence and assured political integrity of citizens and their sharing with other citizens equally in the exercise of political power. The other form is moral autonomy expressed in a certain mode of life and reflection that critically examines our deepest ends and ideals, as in Mill's ideal of individuality, or by following as best one can Kant's doctrine of autonomy. While autonomy as a moral value has had an importance place in the history of democratic thought, it fails to satisfy the criterion of reciprocity required of reasonable political principles and cannot be part of a political conception of justice. Many citizens of faith reject moral autonomy as part of their way of life» (PL xlii-xliii).

¹² Filosofiske heltar i denne tradisjonen er Locke, Kant og Mill, i følge Rawls. Ein nyare representant er Raz.

grupper om kvar sanninga er å finne og kva eit godt liv er. Denne tradisjonen veks ut av reformasjonen, og forsøket på handtere krigar og konflikhtar etter oppsplittinga av kristendommen.

Mistaket, i følgje Rawls og Galston, er å ikkje skilje mellom desse to, og å tru at dei er to sider av same sak. Dette er filosofisk inkonsistent og i praksis naivt. Det er inkonsistent fordi autonomiliberalismen inkluderer ein spesifikk konsepsjon av det gode, noko som diversitetsliberalismen nettopp prøver å unngå. Og det er naivt, fordi dei desse to omsyna, til autonomi og til diversitet, kan kome i konflikt i eit samfunn der ikkje alle grupper aksepterer verdien av autonomi.¹³ Rawls og Galston går difor inn for den andre typen liberalisme, medan Svendsen som oftast ser ut til å gå inn for den første, sjølv om problemet kanskje heller ligg i at det er litt uklart kvar han plasserer seg.

På den eine sida grunngir altså Svendsen liberale prinsipp i autonomi (205). På den andre sida vil han gjerne også at liberalismen skal tillate eit mangfald som inkluderer dei som tek avstand frå verdien av autonomi: « ... den liberale må akseptere andre levemåter enn dem han selv foretrekker, deriblant levemåter som oppvurderer tradisjoner og fellesskap fremfor individualisme og autonome valg» (201).¹⁴ Spørsmålet er korleis desse to tinga heng saman.

Kanskje ein kan løyse problemet med å hevde at ein kan *vere* autonom sjølv om ein tek avstand frå *verdien* av autonomi.¹⁵ Denne strategien kan passe på enkelte, nemlig dei som aktivt vel å leve eit strengt tradisjonelt og/eller religiøst liv. Men strategien passar

¹³ Galston er særleg oppteken av den berømte Høgsterettsdommen, Wisconsin vs. Yoder, på 1970-tallet, som gjaldt Amish-barn si skuleplikt, men den dukkar opp i mange samanhengar, særleg innan utdanning, også i Noreg, f.eks. innan seksualundervising

¹⁴ « Liberalismen vil insistere på en forrang til individ fremfor gruppe ved at individuelle rettigheter er ufravikelige og markerer et rom som individet velger sitt levevis innenfor - og det kan gjerne være et mer kollektivistisk og tradisjonelt liv» (201). I tradisjonelle samfunn, der tradisjonen set grenser for kva ein kan velje, og i mykje større grad seier korleis ein skal leve «er det mindre autonomi» (274).

¹⁵ Dessutan leier det til ei splitting i grunngevinga. Den filosofiske grunngevinga må vere forskjellig frå den offentlege, politiske. Filosofisk kan ein gå inn frå autonomi som grunngeving, men politisk kan ein ikkje seie dette, fordi det vil bryte med rettane til dei som forkastar autonomi som verdi.

ikkje på dei som er *oppdratt* til eit liv utan autonomi, og det er kanskje ein grunn til at Rawls og Galston brukar nettopp utdanning som eksempel når dei skal forklare forskjellen mellom dei to typene liberalisme.

For å illustrere kan me se på eit av eksempla til Svendsen (287): Ei kvinne som gjennom ei religiøs omvendning forkastar sitt tidligare umoralske og frigjorte liv, og vel å underkaste seg mannen sin i eitt og alt. I følgje Svendsen oppfyller ho kravet til minimal autonomi, sidan ho har valt dette livet. Men kva med barna hennar? Kva om ei jente blir oppdratt til eit sterkt konservativt religiøst syn, oppdratt til at kvinner er underordna mannen sin vilje, og så som voksen «vel» eit slikt liv, er ho då autonom? Dilemmaet oppstår på nytt: Dersom svaret er ja, så er autonomiomgrepet så svakt, så tynt, at det er vanskeleg å sjå at det har nokon verdi som skal kunne ha reell grunngivingskraft for liberale prinsipp og rettar. Dersom svaret er nei, så er det vanskeleg å sjå at ikkje autonomi utgjer ein spesifikk konsepsjon av det gode, som det kan vere rimeleg usemje om, og som nokre kulturar og grupper vil forkaste. Dersom dette er Svendsen sitt svar, så er spørsmålet om liberalismen hans kanskje ikkje liberal nok.